



Bjørn-Vidar Larsen Bårtvedt
Sethaugen 10
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/8221 - 23/34155

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:

08.05.2023

Du må rette det ulovlege forholdet - pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 139/10 Tveiten nedre

Tiltak:

Forureining

Byggjestad:

Gbnr 139/10

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen utbetring av avvik knytt til avløpsanlegget på eigedommen dykkar med gnr. 139/19. Frist for retting er sett til 30.06.2023. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt kr.15 000,- og ei dagmulkt kr. 200,- pr. dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 30.06.2023. Tvangsmulkta vil gjelde frå 01.07.2023.

Saksutgreiing

Vi viser til vårt brev datert 21.11.2022 der vi ber om tilbakemelding på avløpstilhøva knytt til eigedom gbnr. 139/19 og gbnr. 139/34 og vårt brev datert 19.12.2022 med frist for utbetring av avløpsanlegget innan 30.04.2023.

Vi viser også til ditt brev datert 06.12.2023, der du skriv at 75% av avløpstraseen er utbetra og dei resterande 25% vert utbetra til våren.

Grunngjeving for pålegg om utbetring og ilegging av tvangsmulkt

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk innan fristen 30.04.2023 om at avløpsanlegget er utbetra.

Det er forureinar sitt ansvar å sørkje for at avløpsanlegg er i forsvarleg stand og ikkje forureinar omgjevnadane.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Alver kommune legg til grunn at gbnr. 139/19 og gbnr. 139/34 er knytt til denne avløpsleidningen og dermed har solidarisk ansvar for at avløpsleidningen er i forsvarleg stand.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining. Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 fjerde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Dersom kommunen **innan 30.06.2023** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletdokumentasjon frå dykk med opplysningar om at avviket er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulka kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jf. forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletdokumentasjon som syner at avviket er utbetra.

Dokumentasjon sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining og sørgje for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Illegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom de har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56349006 eller på epost.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver vennleg og referer til saknr.: 22/8221

Med helsing
Alver kommune Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn-Vidar Larsen Bårtvedt	Sethaugen 10	5911	ALVERSUND
Hilde Andersen Bårtvedt	Sethaugen 10	5911	Alversund
Lisbeth Vabø	Sethaugen 11	5911	Alversund
Oddbjørn Haukøy	Sethaugen 11	5911	Alversund